



Surnadal Sparebanks  
**LANDBRUKS-  
 KONFERANSE**  
 2017

TEMA *Mold, menneske  
 og mat*



Surnadal  
 kulturhus  
 Torsdag  
 16. november



**Surnadal  
 Sparebank**



**Surnadal  
 kommune**

I SAMARBEID MED SURNADAL BONDELAG OG TODALEN BONDELAG

# PROGRAM



Leiar av konferansen:  
**Svein Sæter**

09.30 – 10.00: Registrering og kaffe/te

10.00 – 10.15: Velkommen ved adm.banksjef Allan Troelsen

10.15 – 11.00: Mold, menneske og framtida for landbruket  
ved Dag Jørund Lønning

11.00 – 11.15: Lufting og kaffe

11.15 – 11.45: Mat, landbruk, nyskaping  
ved Guri Heggem.

11.45 – 12.15: Langs Den Gyldne Omveg  
ved Svein Berfjord, Berg gård

12.15 – 12.45: Prosjekt Norges matfat  
ved Lene og Øyvind Havåg

12.45 – 13.45: Mat i praksis: Lunsj

13.45 – 14.00: Kulturinnslag

14.00 – 14.30: Småskala gardsentreprenør:  
Våre vegvalg i Oppistua Øye ved Solveig Haglund

14.30 – 15.00: Storskala gardsentreprenør:  
Våre vegvalg ved Jan Erik Aasbø Glåmen

15.00 – 15.15: Beinstrekk

15:15 – 16.00: Framtida for landbruket:  
Grøn revolusjon eller kampen for tilværet?  
Sofadialog og meningsutvekslingar

16.00 – 16.15: Avslutning og vel heim!



# FOREDRAGSHALDARAR

## Allan Troelsen - Innledning

Allan har vore adm.banksjef i Surnadal Sparebank sidan år 2000. I løpet av denne tida har banken mellom anna vorte «Årets bank» mellom 73 Eika-bankar 3 år på rad.

## Dag Jørund Lønning

Dag Jørund er sosialantropolog, rektor og professor i nyskaping og bygdeutvikling ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling. Han er kåra til Årets landbruksbloggar 2014 og Årets bygdeprofil 2015 av Nationen sine lesarar, og var både i 2015 og 2016 plassert på Nationen si liste over «dei 100 mektigaste i norsk landbruk». Særs engasjert foredrags-haldar med sans for gode (spiss)formuleringar. Høgaktuell med «Jordboka»

## Guri Heggem

Guri er utflytta surnadaling, og har arbeidd med bedriftsutvikling for matprodusentar nesten heile sitt yrkesaktive liv. Ho er næringsmiddelingeniør, og har mellom anna vore dagleg leiar i Rørosmeieriet, og dagleg leiar og «utviklingsminister» i Rørosmat.

## Berg Gård

Kirsti Farbu og Svein Berfjord kjøpte garden Berg Øvre på Inderøy i 1987. Dei har gått vegen frå ein-sidig kornproduksjon til ein allsidig produksjon der dei utnyttar alle gardens ressursar. Dei driv med sau, frilandsgris og birøkt, og alt blir selt eller servert på garden.

## «Prosjekt Norges matfat»

Lene og Øyvind Havåg og ungene starta på prosjektet sitt 1.november 2016. Vi produserer under halvparten av det vi et i Norge, og dei ville gjennom prosjektet synleggjere at dei ønska forandring. All mat dei skulle ete det kommande året skulle vere produsert i Norge. Korleis gjekk det?

## Oppistua Øye

Solveig Haglund og Martin Gausen driv garden Oppistua Øye med økologisk produksjon av gras, grønnsaker, urter, frukt, bær og blomster, men er nok mest kjent for si satsing på «Inn på Tunet». Solveig deler tankar, idear og erfaringar med oss etter mange år som næringsutviklar på eigen gard.

## Jan Erik Aasbø Glåmen

Jan Erik er gardbrukar og gründer av det meir uvanlige slaget på indre. Han omtalar seg sjølv som «ein som arbeider best under press og er mest rasjonell som blakk». Kva er det som motiverer han, og kva trur han kjenneteiknar eit framoverlent miljø.

## PÅMELDINGSINFORMASJON

Meld deg på via internett, telefon eller e-post:

[www.bank.no](http://www.bank.no)

Tlf: 07166

E-post: [post@bank.no](mailto:post@bank.no)

Påmeldingsfrist: Fredag 10.november.

Pris: kr. 500 blir fakturert i etterkant.